



Krav om innsyn i personopplysningar i grense- og territorialkontrollregisteret og/eller Entry/Exit System (EES)

Du kan be om stadfesting på om politiet samlar inn og bruker opplysningar om deg, og kva opplysningar dette gjeld. Du kan også be om kopi av opplysningane. Du får som hovudregel ikkje innsyn i opplysningar om andre personar.

Retten til innsyn følger av personvernforordninga (GDPR) artikkel 15. For Entry/Exit-systemet følger dette også av EES-forordninga artikkel 52.

Du kan bruke dette skjemaet dersom du ønsker å be om innsyn i dine personopplysningar i grense- og territorialkontrollregisteret og/eller Entry/Exit System (EES) etter GDPR artikkel 15. Når du har fylt ut skjemaet, kan du sende det til Øst politidistrikt (Postboks 3390, 1402 Ski).

Politiet gjer merksam på at du ikkje bør sende skjemaet på e-post, fordi e-post ofte blir sendt ukryptert. Teiebelagte, sensitive eller andre fortrulege opplysningar bør derfor ikkje bli sendt på e-post. Dette gjeld også meldingar som inneheld fødselsnummer.

Svaret på kravet om innsyn vil bli sendt til folkeregistrert adresse. Om du ikkje har folkeregistrert adresse i Noreg, blir svaret sendt til adressa som blir oppgitt i dette skjemaet.

Personalia

Fornamn og mellomnamn:		
Etternamn:		
Tidlegare etternamn:		
Adresse:		
Postnummer:	Poststad:	Land:
E-post:		Telefon (frivillig)
Fødselsnummer:		Nasjonalitet:

Eg ønsker innsyn i opplysningar om:

meg sjølv

eiget/eigne barn

ein person eg handlar på vegne av (dette alternativet krev at du legg ved fullmakt)

Dersom du ønsker innsyn i opplysningar om eget/eigne barn eller ein person du handlar på vegne av, set du inn opplysningar om personen:

Fornamn og mellomnamn:	
Etternamn:	
Fødselsnummer (11 siffer):	Nasjonalitet:

Føresette/verje kan på sjølvstendig grunnlag be om innsyn i opplysningar om barnet frem til fylte 15 år. Kravet må underteiknast av ein føresett/verje. Frå fylte 15 år kan personen som opplysningane gjeld sjølv be om innsyn etter GDPR. Føresette kan utøve innsynsrett på vegne av barn over 15 år når barna samtykker til dette og i nokre tilfelle der dette er nødvendig for å utøve foreldreansvar.

Kva blir det kravd innsyn i?

Vi ber om at du berre kryssar av for det som er relevant for din førespurnad.

Grense- og territorialkontrollregisteret

Grense- og territorialkontrollregisteret er eit nasjonalt register over reisande som skal ivareta politiets forvaltningsoppgåver knyt til inn- og utreisekontroll samt utlendingskontroll på territoriet. Behandlinga av opplysningar i registeret har også et kriminalitetsmotverkande føremål. Nærmare reglar om registeret er gitt i grenseforskrifta kapittel 5.

Politiet registrerer opplysningar om person og reisedokument/ID-dokument, samt tid og stad for grensepassering/utlendingskontrollar.

Nærmare skildring av kva du ønsker innsyn i:

Entry/Exit System (EES)

Entry/Exit System (EES) er eit felles europeisk informasjonssystem, der det blir registrert opplysningar om inn- og utreise, samt nekta innreise, for tredjelandsborgarar på kortvarig opphald som passerer Schengenområdet si yttergrense. Det blir registrert opplysningar om person, reisedokument og visum, i tillegg til fingeravtrykk og ansiktsfoto. Nærmare reglar om systemet er gitt i EES-forordninga (EU 2017/2226).

Du kan når som helst kontrollere det resterande tillate opphaldet i Schengen-området ved å logge inn på nettenesta her; https://travel-europe.europa.eu/ees/check-how-long-you-can-stay_en

Nærmare skildring av kva du ønsker innsyn i:

Underskrift

Stad:	Dato:	Underskrift:	Underskrift føresett/verje:

Har du hugsa å legge ved legitimasjon?

Kravet om innsyn må vere underteikna, og kopi av gyldig legitimasjon må vere vedlagd. Sjå under "Legitimasjon" for kva som er gyldig legitimasjon.

Legitimasjon

Kopi av gyldig legitimasjon må vere vedlagt for at vi skal kunne behandle kravet. Legitimasjonen kan ikkje ha utgått gyldigheitsdato. Merk at både namn, fødselsnummer og bilete må framkomme av kopien som du legg fram.

Kva godtar vi som gyldig legitimasjon?

- Gyldig pass (ikkje nødpass)
- Norsk bankkort med bilete
- Norsk førarkort – original og duplikat (ikkje førarkort av eldre dato – “grønt førarkort”)
- Nordiske førarkort av EU/EØS-standard
- Forsvarsdepartementets ID-kort (frå 2004)
- Gyldig postens ID-kort utferda etter 1. oktober 1994
- Nasjonalt ID-kort utferda innanfor EØS-området
- Asylsøkerbevis i tillegg til signatur og fødestad
- Norsk reisebrev for flyktningar (grønt pass)
- Norsk utlendingspass (blått pass)

Eg ønsker i tillegg informasjon om følgande:

Føremåla med behandlinga av personopplysningane.

Kven politiet har utlevert eller vil utlevere opplysningane til, særleg dersom opplysningane blir utlevert til mottakarar i land utanfor EU/EØS eller internasjonale organisasjonar.

Kor lenge opplysningane blir lagra, eventuelt kriteria politiet legg til grunn for fastsetting av lagringstid.

Mine rettar knytt til retting, sletting, avgrensing og til å protestere mot behandlinga.

Dersom opplysningane ikkje er samla inn frå meg, kvar dei er samla inn frå.

I kva mon politiet fattar automatiserte avgjersler på bakgrunn av opplysningane, og kva logikk som i så fall ligg til grunn for desse avgjerslene, samt konsekvensane dette kan ha for meg som registrert.